

**Notat**Dato: 20.12.2016  
Arkivsak: 2016/34594-2  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Fylkesrådmannen  

---

**Frå:** Merethe Helland Nordnæs, Bertil Søfteland  

---

**Kva er eit folkevald organ ?**

Av kommunelovens § 29 følger det at saksbehandlingsreglene i kapittel 6, herunder reglene om møteoffentlighet, gjelder for «kommunestyre, fylkesting, formannskap, fylkesutvalg, **faste utvalg**, kommunestyrekomiteer, fylkestingskomiteer, kommunedelsutvalg, kommuneråd og fylkesråd samt kommunale eller fylkeskommunale nemnder opprettet i medhold av andre lover». Av § 29 nr. 3 følger det at saksbehandlingsreglene i kapittel 6, herunder reglene om møteoffentlighet, også gjelder for «andre folkevalgte organer».

Vi har blitt bedt om å vurdere kva anses som å være eit «folkevalgt organ», m.m.

Kommuneloven med kommentarer (Bernt/Overå) har denne beskrivelse av folkevalgt organ:

*«Et folkevalgt organ er her ikke bare de direkte valgte kommunale selvstyreorganene, kommunestyret og fylkestinget, men også de indirekte kollegiale organene, med andre ord organer som er valgt av andre folkevalgte organer. Dette omfatter i utgangspunktet alle de kollegiale organer nedsatt i medhold av kommuneloven, med unntak av styre for kommunale og fylkeskommunale foretak»*

I juridisk teori, *Kommuneloven med kommentarer* av Overå og Bernt s. 281 uttales det om folkevalgte organer:

*«Som en tommelfingerregel kan vi kanskje legge til grunn at samlinger der folkevalgte utgjør hovedtyngden av deltakere, og tilsatte i kommunens administrasjon medvirker eller er til stede i tjenlig sammenheng, må anses som et «folkevalgt organ» i denne forstand, i praksis som et adhocutvalg eller komite.»*

I ein uttalelse fra 2001 la departementet til grunn at ein «styringsgruppe» bestående av formannskapets medlemmer samt to representanter (tillitsvalgte) for de tilsatte, måtte anses som eit «folkevalgt organ» etter kommunelova. Rent politiske samrådsmøter vil kunne falle utanfor, men bare der dei er fullstendig frikoblet fra den kommunale beslutningsprosess.

Styringsgruppa for Kvammapakken 2 består av representantar frå Kvam Bompengeselskap AS, Kvam herad, Statens vegvesen og HFK. (Styringsgruppe/kontaktutval i bompengepakkar er heimla i stortingsproposisjonen 77(208-2009)). Styringsgruppa for Kvammapakken 2 består av 10 medlemmar, mellom anna av ordføraren i Kvam herad, Jostein Ljones. Styringsgruppa består her av ein folkevald person, medan dei 9 andre deltakarane er tilsette i administrasjon, mellom anna frå vegvesenet, HFK, og

rådmannen i Kvam herad. På bakgrunn av ovannemnde, kan ein ikkje sjå at styringsgruppa i Kvammapakken 2, er å sjå på som eit folkevald organ.

Spørsmålet blir da, hvis dette er eit «folkevalgt organ»? Hvilke rettsvirkninger får dette? Spørsmålet blir da om f.eks. møter kan haldast for lukka dører, skal møteinnkallinga og saksliste være offentlege, herunder spørsmålet om innsyn?

Dersom noko er å anse som eit «folkevalgt organ» kjem reglene i kommunelovens (Lov av 25.09.1992) kapittel 6, til anvendelse. Kapittel 6 inneheld saksbehandlingsreglar i folkevalde organer.

Her går det fram at reglane om møteoffentlegheit (kommuneloven § 31) gjeld. Frå hovudregelen om møteoffentlegheit, er det nokre unntak. Det **skal** gjerast unntak frå møteoffentlegheit når det ligg føre lovbestemt teieplikt og når det i møtet skal behandlast ein sak som gjeld ein arbeidstakers tjenlege forhold. Det **kan** gjerast unntak når omsynet til personvern krev det, når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det og det vil kome fram opplysningar i møtet som kunne ha vært unnateke innsyn etter offentleglova ( §31 nr. 5) Når det folkevalde organet skal vedta lukking etter § 31 nr. 5, må det ved protokolleringa av vedtaket både vise til § 31 nr. 5 og den aktuelle føresegna i offentleglova som vernar dei relevante offentlege interessene, til dømes skjerming av forhandlingsposisjonen til det offentlege etter offentleglova § 23.

Møteprinsippet kan fråvikast i spesielle situasjonar, når oppnevningsorganet har bestemt det, Jfr. § 29 nr. 3.

Det går fram av lovas § 32 at sakslista til møtet og andre dokument som ikkje er unnateke offentlegheit, **skal** vere tilgjengelig for ålmenta. Møtet skal kunngjerast på ein hensiktsmessig måte.

Kva for ein betydning har det hvis det ikkje er eit folkevald organ? Kva for ein betydning får dette i forhold til møteoffentlegheit, møteinnkalling, innsyn m.m.?

Rent administrative utredningsutvalg, nedsett av administrasjonen som ledd i dennes arbeid, samt andre interne administrative grupper, faller utanfor reglane i kap. 6, og kan dermed – og vil normalt – holde sine møter for lukkede dører. (Gyldendal rettsdata note 611) Dette gjeld og til dømes styringsgruppa for Kvammapakken 2. Desse gruppene faller utanfor reglane om møteoffentlegheit (komm.l § 31) og utanfor reglane om møteinnkalling (komm.l. § 32.)

Forvaltningslovens regler gjeld. «Den virksomhet som drives av forvaltningsorganer» § 1. «Utøving av offentlig myndighet» § 2 a. Dei alminnelige regler om saksbehandling gjeld, herunder regler om vedtak og klage.

Offentliglova gjeld. Hovedregel: § 3, Saksdokument er opne for innsyn.

Unntak: Opplysninger underlagt taushetsplikt, offl § 13.

Organinterne dokument, offl § 14.

Dokument innhentet utenfra for den interne saksforberedelse, offl § 15.

Innsyn i interne dokument hos fylkeskommune, offl. § 16.

Unntak av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon m.m., offl. § 23.

